

Bergen Eiendomsselskap As
Merkurvegen 2A
5099 BERGEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 23/2142 - 23/32445

Saksbehandlar:
Elin Houlison Molvik
eelin.houlison.molvik@alver.kommune.no

Dato:
28.04.2023

Førebelsvar - trøng for tilleggsdokumentasjon - gbnr 58/22 Lygren indre

Tiltak: Veg og utkjørsel
Byggjestad: Gbnr: 58/22
Tiltakshavar: Bente Kristiansen
Ansvarleg søker: Bergen Eiendomsselskap As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 06.03.2023.

Planstatus

Eigedomen er omfatta av kommunedelplan Lindåsosane, Lygra og Lurefjorden. Eigedomen er i nemnde plan avsett til føremål fritidsbustad. Arealet vegen er planlagd på er i same plan avsett til LNF-føremål. Etablering av veg fram til eigedom gbnr 58/22 krev at det vert søkt om og ligg føre dispensasjon fra LNF-føremålet og hensynszone landbruk. Søknad om dispensasjon skal nabovarslast.

Veglova

Løyve frå statens vegvesen som er lagt ved søknaden er gått ut, det var gyldig i 3 år frå vedtaksdato og gjekk ut 13.03.2021, det må innhentast nytt løyve til avkøyrslle hjå rette mynde.

Vegen har status som fylkesveg, FV5476. Det er Vestland fylkeskommune som er vegmynde. De kan sjølv på eige initiativ søke om nytt avkøyrslle løyve til Vestland fylkeskommune.

Situasjonsplan


Motteken situasjonsplan syner ikkje manøvreringsareal for bil inne på gbnr 58/22. Vi ber om at det vert sendt inn oppdatert situasjonsplan der manøvreringsareal/snuareal er teikna inn og det går klart fram korleis tiltaka er avgrensa.

Alver kommune

Postboks 4, 5906 Frekhaug
Innbyggjarservice: +47 56 37 50 00

post@alver.kommune.no
www.alver.kommune.no

Kontonummer: 3207 29 30559
Organisasjonsnummer: 920 290 922



Motteken situasjonsplan viser ikkje kor planlagt veg stansar og heller ikkje manøvreringsareal/snuareal for bil på eigedom gbnr 58/22.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Søknad om dispensasjon frå LNF-føremålet for etablering av avkjørsle og veg fram til eigedom gbnr 58/22.
2. Dokumentasjon på at søknad om dispensasjon er nabovarsla.
3. Oppdatert situasjonsplan som klart avgrenser tiltaket sitt omfang og som syner manøvreringsareal/snuareal for bil samt parkeringsplass for bil på eigedom gbnr 58/22.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 02.06.2023. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysingane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søker om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forsenkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltingsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og bygesak

Are Frøysland Grande
Avdelingsleiar

Elin Houlison Molvik
Rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Kopi til:

Bente Kristiansen Petedalsheia 20 5254 SANDSLI

Mottakarar:

Bergen Eiendomsselskap As Merkurvegen 2A 5099 BERGEN